

Handlingsplan for BKSF - 2010

1. Rekruttering.

BKSF vil

- hjelp NKSF med å oppspore aktuelle medlemskor.
- stadig synleggjere BKSF sitt arbeid med arrangement nye stader i bispedømet, og stimulere til aktivitet på prostiplan.
- at relevante lokale salmekvelder/ konserter kan arrangerast i samarbeid med Bjørgvin Kirkesangforbund
- vere i dialog med, og ta initiativ til samarbeidsprosjekt med Ung Kirkesang.
- etablere samarbeid med bispedømmeråd/kontor og fellestråda.
- søkje kontakt med moglege samarbeidspartnarar i kulturlivet generelt.

2. Økonomi

Vi prøver gjennom Hordaland Musikkråd og via Kulturkonsulenten på Bjørgvin bispedøme å spore opp kanalar der det er naturleg å søkje offentleg stønad. Det er søkt om stønad for 2010 frå Bergen kommune, Hordaland fylke og Sogn- og Fjordane fylke.

3. Kyrkjesongfestar

BKSF

- inviterer medlemskora til vårtreff i Erdal kyrkje på Askøy søndag 30 mai 2010. Kora deltek ved høgmesser i ulike kyrkjer undervegs.
- har oppmoda medlemskora om å reise til Nordisk Kyrkjesongfest i Vasa, Finland 23-26.september 2010. Bjørgvin Kirkesangforbunds felleskor syng same fellesnummer på Nordisk kyrkjesongfest som på vårtreffet .
- skal arrangere Rikskyrkjesongfesten i Bergen 20-22.april 2012, og vil i 2010 halde fram med planleggjing og førebuing av RK2012

4. Kurs

BKSF

- tilbyr kurs som kan hentast heim til kora, både stemmebruksseminar, liturgisk verkstad m.m.
- arrangerer hausten 2010 eit eindags kurs for medlemskora.
- oppmodar regionane om å tenkje felles kursprosjekt.
- tilbyr to helgeseminar årleg med instruktøren Per Oddvar Hildre i samarbeid med Hardangerkoret og Hardanger Folkehøgskole

5. Web-side

BKSF har si eiga web-side: www.kirkesang.no/bjorgvin . Vi ønskjer i større grad å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan utvikle seg til å bli ein viktig arena for kora. Vi ønskjer også at denne sida skal bli ein ressursbank, der vi lagrar informasjon frå tidligare verksemd i BKSF.

6. Kyrkjemusikkfestivalar

BKSF har teke initiativ overfor prosti/område/ kor som har markert seg med eit rikt kyrkjemusikalsk liv med tanke på å etablere ein ”paraply-festival” –

Kyrkjemusikkfestivalen i Bjørgvin.

Føremålet er mellom anna å etablere kyrkjemusikalske arenaer som dei lokale kora og alle medlemskora kan bli inspirerte av, og strekkje seg etter.

Eit lite steg på vegen mot denne kyrkjemusikkfestivalen, er at BKSF i år lagar nett-brosjyra Kyrkjemusikk i Bjørgvin april-september 2010.

BKSF set seg som mål å arrangere Kyrkjemusikkfestivalen i Bjørgvin 2012. Eit av arrangementa i Kyrkjemusikkfestivalen vil slik bli Rikskyrkjesongfesten i Bergen 2012.